

MASFJORDEN KOMMUNE

Møtebok for Kommunestyret

Den 31.05.2012 kl 08:15 – 17.30 , heldt Kommunestyret møte på Kommunehuset.
Følgjande saksnummer vart handsama i møtet: 040/12 - 053/12
Innkalling til møtet var sendt ut den: 24.05.2012.

Desse møtte:

Arbeiderpartiet:	Høgre:	Senterpartiet:
Ragnvald Tangedal	Karstein Totland, ordførar	Vigdis Jorunn Søvik
Arthur Reidar Sjursen	Frode Langhelle	Jon Terje Sætre
Bjørn Egil Nordland	Wenke Fredheim Ekren	
	Lene Hansen Kvamsdal	
	John Torgeir Torsvik	
	Bjarte Andvik, vara	
FORFALL:	FORFALL:	FORFALL:
	Kjetil Fjellby	

Kristeleg Folkeparti:	Framstegspartiet:	Venstre:
Marit Steinestø, varaordførar	Willy Borge	Tove K. Sleire Tistel
Lillian Andvik	Erlend Kvamsdal	
FORFALL:	FORFALL:	FORFALL:
		Egil Kvingedal

Frå administrasjonen møtte:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen
Gerd Allis Håheim som førte møteboka
Rådgevar Alf Strand til sak 47, 48, 49 og 50.
Rådgevar Anne Kristin Rafoss til sak 44.
Spesialrådgevar Lovisa Midtbø til sak 43 og sak 44.

Ugilde	Sak	Følgjande varamedl. møtte

Møteleiar:	Ordførar Karstein Totland
Utlevert i møtet:	Tre tilleggsskriv til sak skriv og meldingar To tilleggssaker: Sak 52/12 Kjøp av gravemaskin og sak 53/12 Val av styremedlem til GMU AS
Orientering:	BKK var invitert til møtet for å orientera om aktuelle saker for Masfjorden kommune
Diverse/tema:	Dialogmøte med einingsleiarane i kommunen med tema – rammesak 2013.

Program for kommunestyret:

- Kl. 08.15 starta kommunestyret med dialogmøte med einingsleiarane der tema var rammesaka for 2013.
- Kl. 10.00 – 12.00 var BKK invitert for å orientera om aktuelle saker for Masfjorden, blant anna kraftlinja Modalen – Mongstad.
- Kl. 12.00 var det generalforsamling Einekavane.

.....

Kommunestyret vart sett kl. 13.00 for handsaming av sakene.

Innkallinga vart godkjent.

Ordførar Karstein Totland orienterte om to tilleggssaker kunne tilførast saklista. Det er sak 052/12 Kjøp av gravemaskin til teknisk og sak 53/12 Val av nytt styremedlem m/vara til GMU AS.

Kommunestyret gjorde samrøystes vedtak om at sakene vart tilført saklista.

Sakslista vart godkjent.

Ordførar Karstein Totland gjorde framlegg om Marit Steinestø og Vigdis Søvik til å skriva under møteboka.

Dette vart samrøystes godkjent.

Sakliste

Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
040/12	12/379	Godkjenning av møteprotokoll	4
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
041/12	12/321	Stordalen bru - utbetring - ekstraløyving	5
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
042/12	12/12	Regulering av husleiga i kommunale bustader og omsorgsbustader - 2012	7
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
043/12	11/620	Reglement for folkevalde 2012 - 2015	12
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
044/12	11/525	Kommuneplan for Masfjorden 2012 - 2024 - endeleg handsaming	17
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
045/12	10/124	Masfjordsambandet - løyving av egne midlar til prosjektet	29
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
046/12	12/376	1. Tertialrapport 2012 - rekneskapoversyn 01.01.- 30.04.2012	33
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
047/12	09/823	Redusert foreldrebetaling i barnehagane	36
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
048/12	12/358	Høyring - endring i lov om folkebibliotek	40
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
049/12	12/359	Foreldreundersøking skule	44
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
050/12	12/377	Ungdomsskulemelding - orienteringssak	47
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
051/12	12/378	Skriv og meldingar	48
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
052/12	12/381	Kjøp av gravemaskin til teknisk – ekstraløyving	51
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
053/12	11/615	GMU AS – val av styremedlem med vara frå Masfjorden kommune	54

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	31.05.2012	040/12	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 12/379
-----------	---------------------

SAK 040/12 - GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen frå kommunestyret 27.04.12 vert godkjent slik han ligg føre.

KS-040/12 VEDTAK:

Møteprotokollen frå kommunestyret den 27.04.2012 vert godkjent slik han ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 31.05.2012:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS-040/12 VEDTAK:

Møteprotokollen frå kommunestyret den 27.04.2012 vert godkjent slik han ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 31.05.2012:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	22.05.2012	049/12	Terje Kallekleiv
Kommunestyret	31.05.2012	041/12	Terje Kallekleiv

Arkiv: N-563.2	Arkivsaknr.: 12/321
----------------	---------------------

SAK 041/12 - STORDALEN BRU - UTBETRING - EKSTRALØYVING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune løyver kr. 300 000,- til nødvendig utbetring av Stordalen bru 2.

Finansiering

Ekstraløyving - må innarbeidast i budsjettrevisjon

Heimel

Kommunelova §6.

FS-049/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Masfjorden kommune løyver kr. 300 000,- til nødvendig utbetring av Stordalen bru 2.

Det skjedde i Formannskapet den 22.05.2012:

Saka vart drøfta.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd overfor Kommunestyret.

KS-041/12 VEDTAK:

Masfjorden kommune løyver kr. 300 000,- til nødvendig utbetring av Stordalen bru 2.

Det skjedde i Kommunestyret den 31.05.2012:

Saka vart drøfta.

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

I ein rapport som er utarbeidd av "Safe Control" (Engasjert av kommunen i 2011) vart det peika på at Stordalen bru 2 (nærast Stordalen fjellstove) no har så stor slitasje at brua kan svikte innafør tillete bruk. "Safe Control" tilrår omfattande vedlikehaldsarbeid snarast. Alternativt er administrasjonen si vurdering at kommunen må stenge brua – og at det kan skje på kort varsel.

FAKTA

Stordalen bru 2 har eit forfall som er betydeleg – og som gjer at administrasjonen i mars månad i år såg seg tvungen til å redusera maksimal tillete belastning av passerande køyretøy. Under arbeidet med investeringsbudsjettet for 2012 vart det lagt fram ei kalkyle for nødvendig vedlikehald på kr. 785 000,- eks mva, rigg og riving. Kommunen har no fått inn tilbod på nødvendig utbetningsarbeid på kr. 300 000 inkl. mva.

VURDERING

Vedlikehald bør gjennomførast snarast. Ei stenging vil m.a. få konsekvensar for mange hytteigarar i Stordalen og for Stordalen fjellstove. Tilbodet for utbetningsarbeidet kommunen har motteke er økonomisk gunstig – og arbeidet må uansett utførast snarast råd. Alternativet er å stenge brua – noko som kan skje på kort varsel – og vil få uheldige konsekvensar for mange.

KONKLUSJON

Stordalen bru 2 bør utbetrast snarast.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	22.05.2012	052/12	Ørnulf Lillestøl
Kommunestyret	31.05.2012	042/12	Ørnulf Lillestøl

Arkiv: N-113, N-138, N-332	Arkivsaknr.: 12/12
----------------------------	--------------------

SAK 042/12 - REGULERING AV HUSLEIGA I KOMMUNALE BUSTADER OG OMSORGSBUSTADER - 2012

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Det vert arbeidd med individuell leigesatsar pr. eining ut i frå standard og tilnærming kostpris. Ordning med lik m2 pris vert oppheva. Kommunestyret vedtek ikkje endringar i husleigesatsane for kommunale utleigebustader no, men at det vert gjort endringar frå og med 1.april 2013.

FS-052/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Det vert arbeidd med individuell leigesatsar pr. eining ut i frå standard og tilnærming kostpris. Ordning med lik m2 pris vert oppheva. Kommunestyret vedtek ikkje endringar i husleigesatsane for kommunale utleigebustader no, men at det vert gjort endringar frå og med 1.april 2013.

Det skjedde i Formannskapet den 22.05.2012:

Saka vart drøfta.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS-042/12 VEDTAK:

Det vert arbeidd med individuell leigesatsar pr. eining ut i frå standard og tilnærming kostpris. Ordning med lik m2 pris vert oppheva.

Kommunestyret vedtek ikkje endringar i husleigesatsane for kommunale utleigebustader no, men at det vert gjort endringar frå og med 1.april 2013.

Det skjedde i Kommunestyret den 31.05.2012:

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
2	I	05.01.2012	Masfjorden kommune	Oversikt over husleige i kommunale gjennomgangsbustader pr 01.01.12

Saksutgreiing til kommunestyret i desember 2009

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Sak om husleigenivå på kommunale bustader var sist handsama for om lag 2 år sidan. I denne saka vart det belyst fleire sider som har og kan ha betydning for vurdering av husleigesatsane både i omsorgsbustadene og i utleigebustadene.

Oppsummering av momenta omtala i denne saka:

- Tilflyttingsmotivasjon. Husleigenivå må ta omsyn til at vi har som målsetjing å auke innbyggjartal.
- Nivå på lånerente. Husleigenivå må vere såpass høg at den stimulerar til at folk bygger eller kjøper hus.
- Husleige relatert til byggeår/standard. Det er synspunkt knytt til at husleiga i større grad må knytast til standard. No er dette kun knytt til kvm pris.
- Rekruttering av kommunalt tilsette. Husleigenivå som kan fungere som rekrutteringstiltak og leggje til rette for at vi kan konkurrere om arbeidskraft.
- Husleigenivå omsorgsbustader. Andel som får bustøtte. Samanlikningar med andre kommunar og eldrerådet sine innspel.

FAKTA

Argumenta og vurderingstema nytta for to år sidan er i stor grad også aktuelle i dag. Førre runde vart husleigenivået auka med 10 % og tid redusert frå 5 til 3 år for betaling av 80 %. Husleigesatsane i dag kjem fram av tabellen under:

Husleige gjennomgangsbustadar Masfjorden kommune pr 01.04.2012

Stad:	Antal husvære	Kvadrat meter	Byggeår	Full leige pr 01.04.2011	Månadsleige pr 01.04.11 (80 % av full leige)	Full leige pr 01.04.2012 auke på 3,5 %	Ny månadsleige pr 01.04.12 (80 % av full leige)
Matre	2	100	1978	6 925	5 540	7 167	5 734
Matre - Stien	4	80	1988	5 540	4 432	5 734	4 587
Nordbygda - Ytre Haugsdal	4	80	1989	5 540	4 432	5 734	4 587
Sandnes - nr 8	1	90	1968	6 232	4 986	6 450	5 160
Sandnes - nr 9	1	95	1968	6 578	5 262	6 808	5 447
Sandnes - nr 13	1	100	1982	6 925	5 540	7 167	5 734
Sandnes - nr 13 K	1	60		4 155	3 324	4 300	3 440
Sandnes nr 14 og 15	2	100	1983	6 925	5 540	7 167	5 734
Sandnes nr 18 A	1	80	1985	5 540	4 432	5 734	4 587
Sandnes nr 18 B	1	70		4 847	3 878	5 017	4 013
Sandnes nr 19 A	1	80	1985	5 540	4 432	5 734	4 587
Sandnes nr 19 B	1	70		4 847	3 878	5 017	4 013
Sandnes - Tippehuset	2	40	1966	2 770	2 216	2 867	2 294
Sandnes - Tippehuset	2	60	1966	4 155	3 324	4 300	3 440
Sandnes - Tanngården nr 22	1	100	1978	6 925	5 540	7 167	5 734
Hosteland nye	4	81	2009	5 608	4 486	5 804	4 643
Sandnes nye utlegebustader -	2	120	2011	7 950	6 600	7 950	6 600
Sandnes nye utlegebustader -	3	91	2011	6 028	5 005	6 028	5 005
Sandnes nye m/loft	1	151	2011	10 381	8 305	10 381	8 305
Sandnes nye m/loft	1	114	2011	7 552	6 042	7 552	6 042

Sidan førre handsaming i kommunestyret er fylgjande endringar gjennomført når det gjeld utleige og omsorgsbustader:

5 einingar utleige er bygd i Nordbygda. 1 er seld slik at kommunen no disponerer 8 einingar i denne delen.

Det er bygd 4 omsorgsbustader og to avlastningsbustader slik at kommunen disponerer til saman 11 einingar.

Privatmarknad er anslått til 13-15 einingar.

5 einingar er bygd på Sørsida. 1 er seld slik at kommunen no disponerer 18 einingar i denne delen.

Det er 5 omsorgsbustader på sørsida.

Privatmarknad utleige er anslått til 3-5 einingar

Det er ikkje gjennomført endringar i Indrefjorden. Kommunen disponerar 6 einingar her. Det er oppført 10 omsorgsbustader der ein er nytta til kontorareal dvs 9 einingar.

Privatmarknad utleige 6-8 (+ 8 hyblar Havbrukstasjonen)

Husleige og kostnader

Ved fastsetjing av husleige vil også spørsmål om i kva grad husleigenivå samsvarar med kostnader til utbygging. Ein stor del av kommunen sine utleigebustader er nedbetalte og vi kan vurdere dette ved å sjå på all husleigeinntekt og samanhalde med alle kapital og vedlikehaldskostnader til bustadene eller vi kan ta utgangspunkt i eit eksempel.

Her nyttar vi utbygging av utleigeeiningar på Hosteland som eit eksempel.

Investering ca 1.500.000,-

Renter/avdrag: (20 år/3,5 %, serie, Husbank): Snitt løpetid 8750,-

Vedlikehald: (16 % av kapitalkostnader) 1400,-

I dette eksempelet er kostnad kring 10.000,- og husleige ca 5.600,-

Utanom nye bustader på Hosteland og Sandnes no, er alle over 20 år gamle. Det er ikkje, eller svært lite kapitalkostnader på desse noko som inneberer utgifter avgrensa til vedlikehald.

VURDERING

Rådmannen vurderer det slik at viktigaste omsynet ved fastsetjing av husleige er effekt for innbyggjartal i kommunen og rekruttering. Kommunen har over lang tid hatt ein relativt aktiv bustadpolitikk samanlikna med andre kommunar. Det kan nemnast at Gulen kommune har 8 utleigeeiningar, alle i Eivindvik. Husleiga der er mellom 6500,- og 4500,- pr mnd. Det er der ikkje butid eller endringar eller auke etter fastsett tid slik vi har hjå oss.

Bustadpolitikken er innretta slik at det er vektlagt å sikre at nyttilsette flyttar til kommunen ved tilsetjing, at tilsette som har budd her over tid held fram med det. Det har også vore eit moment å sikre at det totalt sett er tilstrekkeleg med utleigebustader til dei som ynskjer å leige. I stor grad er dette marknaden tredelt ved at folk etterspør bustad i den delen dei er frå eller arbeider.

Eit anna viktig moment er å sikre låg terskel for leige i kommunen for etter ei tid (no 3 år hjå oss) å auke husleiga slik at motivasjon for å kjøpe eller byggje sjølv aukar. Tanken har vore at utleigemarknaden alltid vil vere usikkert i ein kommune som Masfjorden, ein usikkerheit (og eit tap) kommunen må dekkje. Utleigemarknaden er då ein "føresetnad" for at folk vel å byggje nytt. Dette er ein sikrere marknad for private aktørar. På denne måten kan kommunen samarbeide med private aktørar.

Oppfatninga av at kommunen prisar utleige så lavt at det ikkje er muleg for andre å konkurrere er i periodar meir framtrekande. Dette har vore diskutert no i samband med ei evt utbygging på Matre. Rådmannen vurderer det slik at dei positive effektane av å ha relativt låg husleige oppvegar ei muleg vanskeleggjing av utbygging av utleigebustader for private entreprenørar.

Fordeling av kommunale utleigebustader i høve den private marknaden kan ha utslag for i kva grad det er interesse for å leige ut eller bygge nye hus med utleigedel. Dette let seg vanskeleg dokumentere men vi ser at i den kommunedelen (sørsida) som har flest kommunale utleigeeiningar, er det færrest private som leiger ut. (18 kommunale og 3-5 private på sørsida).

Det er elles eit poeng å sikre at kommunale utleigebustader dekkjer dei tiltenkte føremåla som nemnt over. Eit verkemiddel for dette er å auke husleiga etter 3 år. Vi har no svært få som har lang butid i kommunal bustad, men markering av at kommunale utleigebustader skal vere mellombels kan forsterkast ytterlegare. Dette kan sikrast ved å leggje inn ein ytterlegare husleigeauke etter eks 6 år. Dette inneberer låg husleige/låg terskel for busetjing i kommunen i 3 år – auke i 3 år og ytterlegare auke etter 6 år med auke med 20 % etter 3 år og 20 % etter 6 år.

Omsorgsbustader

Argumenta for fastsetjing av husleige i desse bustadene er svært annleis enn i utleigebustadene. Føremålet med bustadene er ikkje å sikre rekruttering eller innbyggjartal, men å sikre eigna bustad for eldre og uføre. Som kjent har eldrerådet årleg bede om at husleigesatsane ikkje vert auka. Oftast er dette innvilga av kommunestyret i budsjetthandsaminga. Halvparten av bebuarane har bustøtte og andre halvparten har høgare trygd og/eller formue. Husleiga er no lik i alle bustadene og er på kr 5.103,-. Samanlikna med utleigebustadene er dette eit relativt høgt nivå og det bør vurderast om dette nivået bør "frysast" i nokre år framover. Nivået er likevel ikkje vurdert å vere urimeleg og ligg lågare enn i mange av nabokommunane.

KONKLUSJON

Gjennomgang av husleigesatsane hausten 2011 knytt til bustadprosjekt på Einekavane, Matre – avdekka at kommunen med noverande lik m2 pris, kjem lågt ut med husleigesatsane for spesielt nyoppførde bustadar. No- situasjonen medfører at kommunen subsidierer husleigene mykje, og hindrar andre aktørar/private å komme på bana. Siktemålet må vere å redusere kommunal utleigevirke, og heller stimulere til meir privat utleige. Dette krev at husleigene må opp mot kostpris – for å sikre andre interessentar kjem på bana. Ein må likevel halde at litt bustadmasse til kommunal rekruttering/interesse. Ein tilrår difor at det vert arbeidd med individuell leigesatsar pr. eining ut i frå standard og tilnærming kostpris. Ordning med lik m2 pris
vert oppheva.
Kommunestyret vedtek ikkje endringar i husleigesatsane for kommunale utleigebustader no, men tek sikte på endringar frå 1.4.2013.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	31.05.2012	043/12	Lovisa Midtbø

Arkiv: N-022	Arkivsaknr.: 11/620
--------------	---------------------

SAK 043/12 - REGLEMENT FOR FOLKEVALDE 2012 - 2015

Innstilling frå kommunestyret i sak 92/11:

Etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette i Masfjorden kommune
Reglement for Masfjorden kommunestyre
Reglement for formannskapet og dei politiske utvala
og Reglement for folkevalde sin rett til innsyn

vert vedtekne slik dei ligg føre med desse endringane:

Finansiering

Innafor vedteke budsjett

Heimel

§ 1 i Reglement for Masfjorden kommunestyre

KS-043/12 VEDTAK:

Etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette i Masfjorden kommune
Reglement for Masfjorden kommunestyre
Reglement for formannskapet og dei politiske utvala
og Reglement for folkevalde sin rett til innsyn

vert vedtekne slik dei ligg føre med desse endringane:

- § 10 Saksførehavinga. Denne setninga går ut: Eventuelle spørsmål vert tekne opp til slutt i møtet.
- Etiske retningslinjer pkt 3, informasjon: I all sakshandsaming og verksemd skal det leggjast fram fullstendig, korrekt og sakleg informasjon osv.

Det skjedde i Kommunestyret den 31.05.2012:

Saka vart drøfta.

Marit Steinestø, KrF, gjorde framlegg om at:

Spørsmål/interpellasjonar skal handsamast tidleg i møtet. Skriv og meldingar skal handsamast tilslutt i møtet.

§ 10 må då endrast.

Vigdis Søvik, Sp, sette fram endringsframlegg til s. 4. pkt 3. Informasjon.

*I all sakshandsaming og verksemd, **skal det leggjast fram fullstendig**, korrekt og sakleg informasjon osv. ”(skal me leggja vekt på”,går ut)*

Søvik spurde og om kvifor delegeringsreglementet ikkje låg med til handsaming.

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen svara at grunnen til det er at delegeringsreglementet skal handsamast parallelt med handsaming av sak om eit nytt teknisk utval. Det vil få innverknad på innhaldet i delegeringsreglementet alt etter kva oppgåver og mynde eit nytt utval vil få.

Det vart drøfta ein del kring framlegget frå Marit Steinestø om at spørsmål/interpellasjonar skal koma fyrst i møtet.

Ordførar Karstein Totland konkluderte med at ein opprettar ei sak som heiter **Spørsmål/interpellasjonar** i starten på kvar kommunestyremøte. Dette vil minna representantane på når dei får innkalling til møte om dei har spørsmål som kan meldast inn på førehand. Ved å gjera det slik vil ein forhåpentleg vis unngå å få tilfeldige spørsmål under skriv og meldingar.

Røysting:

Det vart fyrst røysta over endringsframlegget frå KrF.

Dette vart samrøystes vedteke.

Det vart så røysta over endringsframlegget frå Sp.

Dette vart samrøystes vedteke.

Det vart tilslutt røysta samla over heile reglementet for folkevalde.

Reglement for folkevalde 2012 – 2015 vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
6	I	26.09.2011	KS	Økonomiske vilkår for folkevalde 2011 - 2015
3	U	02.10.2011	Dei folkevalde	Reglement for folkevalde sin rett til innsyn
7	U	03.10.2011	Politiske parti i Masfjorden	Uttale- Reglement for folkevalde 2011-2015
1	U	02.11.2011	Politikarar	Reglement for Masfjorden kommunestyre
2	U	02.11.2011	Kommunestyremedlemer og utvalsmedlemer	Reglement for formannskapet og dei politiske utvala
8	U	04.01.2012	Folkevalde og tilsette	Etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette - vedteke 25.10.2007 av kommunestyret
14	U	22.05.2012	Masfjorden kommune	Samlehefte med alle reglementa for folkevalde
10	U	31.05.2012	Kommunestyret	Etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette i Masfjorden kommune
11	U	31.05.2012	Kommunestyret	Reglement for folkevalde sin rett til innsyn
12	U	31.05.2012	Kommunestyret	Reglement for Masfjorden formannskap og dei politiske utvala
13	U	31.05.2012		Reglement for Masfjorden kommunestyre

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Masfjorden kommunestyre vedtok reglementa for folkevalde ved starten av valperioden, i kommunestyremøte 25.10.2007. Ved slutten av kvar valperiode skal kommunestyret ha reglementa oppatt til vurdering og handsaming, slik at erfaringane kommunestyret har med gjeldande reglement kan vera grunnlag for endringar. Masfjorden kommunestyre handsama reglementa 25.10 og det er deira innstilling som no vert lagt fram for det nye kommunestyret til handsaming.

Denne saka omfattar følgjande reglement:

Etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette i Masfjorden kommune
Reglement for Masfjorden kommunestyre
Reglement for formannskapet og dei politiske utvala
Reglement for folkevalde sin rett til innsyn

Reglement for godtgjering til folkevalde vart fastsett av det gamle kommunestyret.

HØYRING

Gjeldande reglement vart i 2011 sendt ut til dei politiske partia slik at dei kunne koma med innspel til sine representantar før saka var oppe i kommunestyret. Det hadde kome få merknader til reglementa i perioden, og det låg ikkje føre endringsframlegg frå politikarane.

FAKTA

Det er kommunestyret sjølv som skal avgjera korleis ein ynskjer å utforma desse reglementa. Reglementa som gjeld i Masfjorden kommune har vore utarbeidd og justert av kommunestyret i kvar periode, og ved fleire høve har det vore sett ned politiske grupper som har kome med innstilling til endringar, og dei har også samanlikna våre reglement med dei ein kan finna i andre kommunar. Dei to siste periodane har det berre vore mindre endringar, og ingen nye reglement har kome til.

Etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette i Masfjorden kommune

Dette reglementet gjeld både for folkevalde og tilsette i kommunen. Dei etiske retningslinjene har vore gjennomgått og drøfta med tillitsvalde. Dei har vore tema på leiarmøte, og dei etiske retningslinjene har vore tema for drøftingar og utviklingsarbeid i alle avdelingane i kommunen.

Det kom ingen endringsframlegg til dese retningslinjene i kommunestyret 25.10.2011.

Reglement for Masfjorden kommunestyre

Dette reglementet omhandlar korleis kommunestyremøta skal haldast, og korleis kommunestyret skal sikra at innbyggjarar kan nå fram med innspel direkte til kommunestyret. Rådmannen har inntrykk av at dette reglementet vert praktisert og er i tråd med behova til kommunestyret. Kommunestyret har ikkje fullt ut nytta det handlingsrommet som ligg i § 19, Spørjetime, førespurnader og interpellasjonar. Ein kan og spørja seg om § 20 Sendenemnder- og grupper som vil møta for kommunestyret er godt nok kunngjort mellom innbyggjarane.

Reglement for formannskapet og dei politiske utvala

Dette reglementet omhandlar korleis formannskapet og andre politiske utval skal arbeida.

Reglement for folkevalde sin rett til innsyn

Folkevalde kan be om innsyn i saker som dei vert gjort kjende med som aktive lokalpolitikarar. Dette reglementet presiserer reglane for dette. Dette reglementet vart vedteke første gong 18.06.2007 og har fungert godt.

Det kom ingen endringsframlegg til dese retningslinjene i kommunestyret 25.10.2011.

VURDERING

Følgjande spørsmål var sentrale då formannskapet og kommunestyret vurderte og handsama reglementa hausten 2011:

- Spørsmål om kommunen treng Brukarutvalet og om det fungerte. ***Dette er seinare fylgt opp i eiga sak og noverande kommunestyre har vedteke å leggja ned brukarutvalet.*** Brukarutvalet går dermed ut i reglementet.
- Det vart teke opp at ein burde få Ungdomsrådet oppatt å gå, då dette er viktig for å få ungdom til å engasjera seg i politikk
- Fast utval for plansaker (FUP) som var personidentisk med formannskapet vart lagt ned.

- Spørsmålet om å etablere eit utval på plan/ teknisk område etter at FUP vert lagt ned vart drøfta. ***Dette er seinare fylgt opp som eiga sak.*** Når saka er slutthandsama kan resultatet leggjast inn i reglementet.
- Protokollføring og kva som skal førast i møteboka. I opplistinga over kva som skal førast i møteboka står det blant anna:
”For kvar sak dei framlegg som vert reist i møtet”. *Her kan det tilføyast at framlegga skal underskrivast med namn og parti på forslagsstillar.*
”Kva vedtak som er gjort og kva røystingar som vert haldne”.
Her kan ein tilføya kva parti og kor mange som røysta for og mot
Justering i oppsettet:
Pkt b: Val – samansetjing – her må tal medlemmer i utvala takast med.

KONKLUSJON

Reglementa vert med dette lagt fram til politisk drøfting og handsaming. Endringar frå kommunestyret 25.10. 2011 er lagt inn i reglementa.

Masfjorden kommunestyre gjorde i møte 25.10.2011 dette vedtaket i sak 92/11:

”Kommunestyret har gått gjennom alle reglementa for folkevalde og tek dei til orientering og har fylgjande tilråding til det nye kommunestyret:

- *Administrasjonen vert beden om å utgreia eit nytt ”planutval/teknisk utval” som ikkje er personidentisk med formannskapet. Det bør og utgreiast å ta Utval for vilt og fisk inn i eit ev. nytt utval.*
Dette vart grunngjeve med meir fagkunnskap om sakene og ei breiare politisk behandling som og ville kunna gje meir politisk engasjement.
- *§ 20 i Reglement for kommunestyret:*
Sendenemnder (deputasjonar) mottaksnemnd.
Utsendingar må melda frå om dette seinast tre dagar på førehand. (1 dg).”

Framlegg til vedtak:

Etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette i Masfjorden kommune

Reglement for Masfjorden kommunestyre

Reglement for formannskapet og dei politiske utvala

Reglement for folkevalde sin rett til innsyn

Reglement for folkevalde

vert vedtekne slik dei ligg føre .

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	31.05.2012	044/12	Anne Kristin Rafoss

Arkiv: N-101.3	Arkivsaknr.: 11/525
----------------	---------------------

SAK 044/12 - KOMMUNEPLAN FOR MASFJORDEN 2012 - 2024 - ENDELEG HANDSAMING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 11-15 vert kommuneplan for Masfjorden kommune 2012- 2024 vedteken slik han ligg føre med unnatak av areal på Haugsøytangen som er berørt av motsegna frå Kystverket.

Kommuneplanen for Masfjorden kommune 2012 – 2024 består av :

- Samfunndel
- Arealplankart
- Føresegner
- Planskildring
- Verdi- og temakart

Ordførar og rådmann får fullmakt til å gjennomføre mekling samt å innhente meir informasjon frå kystverket.

Rådmannen får fullmakt til å ferdigstille arealplankartet etter at mekling er gjennomført. Fullmakta gjeld og teknisk framstilling av funksjonell strandsone og trase for Masfjordsambandet.

Verdi- og temakart skal nyttast ved alle byggje- og delesaker og vert nytt punkt i sakshandsamingsmalen.

Finansiering

Ingen kostnad

Heimel

Plan- og bygningslova

KS-044/12 VEDTAK:

I medhald av plan- og bygningslova § 11-15 vert kommuneplan for Masfjorden kommune 2012- 2024 vedteken slik han ligg føre med unnatak av areal på Haugsøytangen som er berørt av motsegna frå Kystverket.

Kommuneplanen for Masfjorden kommune 2012 – 2024 består av :

- Samfunndel
- Arealplankart
- Føresegner
- Planskildring
- Verdi- og temakart

Ordførar og rådmann får fullmakt til å gjennomføre mekling samt å innhente meir informasjon frå kystverket.

Rådmannen får fullmakt til å ferdigstille arealplankartet etter at mekling er gjennomført. Fullmakta gjeld og teknisk framstilling av funksjonell strandsone og trase for Masfjordsambandet.

Verdi- og temakart skal nyttast ved alle bygge- og delesaker og vert nytt punkt i sakshandsamingsmalen.

Det skjedde i Kommunestyret den 31.05.2012:

Ordførar Karstein Totland orienterte. Motsegna frå kystverket vart drøfta nøye.

Willy Borge, Frp, påpeikte at Masfjorden kommune ikkje har hamnestyresmakter. Dette opnar for at useriøse aktørar som vert avvist andre stader kan ta seg til rette på Haugsøytangen.

I drøftinga gav fleire representantar uttrykk for at ein ikkje måtte akseptera Haugsøytangen som ankringsområde, det er viktig at dette blir fylgt opp heilt til topps.

Vigdis Søvik, Sp, gjorde framlegg om eit tilleggspunkt til rådmannen sitt framlegg:
Eit eventuelt resultat av mekling og meir informasjon vert å leggja fram for kommunestyret for ny handsaming.

Rådgjevar Anne Kristin Rafoss orienterte og sa at det er eit prosessuelt krav i Plan- og bygningslova at kommunen må mekla med Kystverket. Fylkesmannen gjennomfører meklinga. Masfjorden kommune har ikkje lagt inn Haugsøytangen som ankringsområde. Dersom ikkje det vert løysing i meklinga, vert saka sendt til departementet for endeleg avgjerd.

Innhaldet i meklinga vart drøfta og det vart presisert at kommunestyret sitt vedtak inneber at Masfjorden kommune ikkje tar Kystverket si motsegn til følge, og det er kommunen sitt endelege standpunkt.

Kommunestyrerepresentantane rosa kommuneplanprosessen som har vore og sa at me no har fått ein god plan og eit godt styringsverktøy å arbeida etter. Planen er omfattande og det er ein viktig plan som vil vera med på å styrka busetnaden og gjera Masfjorden til ein attraktiv bukommune.

Vigdis Søvik, Sp, spurde om fiskeområdet ved Brimneset der ho har fått spørsmål om det kan kom nye fortøyningar inn mot land og om planen er slik at ein sikrar vidare oppankring. Søvik spurde om at ein kunne flytta det blå feltet som er synt på s. 27 i planskildringa, slik at fiskeområdet går heilt inn til land. Dette for å forhindra at det kan koma nye fortøyningar.

Ordførar Karstein Totland sa ein kan ikkje gå inn å endra på kartet no, då må sannsynlegvis planen ut på ny høyring. Det er derimot viktig at kommunen er påpasseleg når det kjem nye søknader om fiskeoppdrett slik at det ikkje blir tillate fortøyningar i området.

Søvik kunngjorde at Senterpartiet trekkjer endringsframlegget sitt til eit tilleggspunkt i rådmannen sitt framlegg.

Røysting;

Kommuneplan for Masfjorden 2012 – 2024 vart samrøystes vedteken.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
69	I			Merknader til framlegg til kommuneplan for Masfjorden 2011-2023
54	U	22.02.2012	Fylkesmannen i Hordaland; Hordaland fylkeskommune; Kystverket Vest; Mattilsynet for Bergen og omland; NVE Region Vest; Statens vegvesen; Direktoratet for mineralforvaltning; Barnas representant v/Berit Lygre; BKK nett As; Den Norske Kyrkja - Bjørgvin bispedømeråd; Hordaland Bondelag; Nordhordland og Gulen renovasjonsselskap; Opplysningsvesenets fond v/adv Harris DA; Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum; Fiskarlaget Vest; Fiskeridirektoratet region Vest	Arealdelen av kommuneplanen for Masfjorden kommune 2011-2023 - 2.gangs høyring
55	U	02.03.2012	NVE	Merknad til arealdelen til kommuneplan for Masfjorden kommune
56	I	03.03.2012	Arne Riisnes	Merknader til kommuneplan
57	I	09.03.2012	region Vest Statens vegvesen	Arealdelen av kommuneplanen 2011-2023 - 2. gangs høyring
58	I	16.03.2012	Statens kartverk	Teknisk kontroll av kommuneplan for Masfjorden
59	I	26.03.2012	NVE	Fråfell motsegn til kommuneplan for Masfjorden 2011 - 2023 - arealdelen
60	I	29.03.2012	senioradvokat Lars Selmar Alsaker	Innsynsbegjæring etter offentleglova
61	I	29.03.2012	senioradvokat Lars Selmar Alsaker	Innsynsbegjæring
64	I	29.03.2012	Lars Selmar Alsaker	Innsynsbegjæring
63	I	29.03.2012	Lars Selmar Alsaker	Innsynsbegjæring etter offentleglova
75	I	29.03.2012	regionalavd Hordaland Fylkeskommune	Arealdelen av kommuneplanen for Masfjorden kommune 2011-2023 - 2. gangs høyring
62	U	02.04.2012	senioradvokat Lars Selmar Alsaker	Svar på krav om innsyn motteke 29.03.2012

65	I	03.04.2012	Erling Minde	Merknader til arealdelen av kommuneplan for Masfjorden kommune
67	I	03.04.2012	Advokatfirma Steenstrup Stordrange DA	Uttalelse til utkast til kommuneplan for Masfjorden kommune
66	I	04.04.2012	Lars Selmar Alsaker	Merknader til forslag til kommuneplan - Masfjorden kommune
68	I	10.04.2012	Advokatfirmaet Lippestad AS	Uttalelse vedrørende sak 013/12 - kommuneplan Masfjorden kommune
72	U	11.04.2012	Lars Selmar Alsaker	Gjeld førespurnad om innsyn i kommuneplanen - sende dokument ligg som vedlegg
71	I	16.04.2012	Fiskarlaget Vest	Kommuneplan Masfjorden, 2. gangshøyring - uttale
70	I	16.04.2012	Fylkesmannen i Hordaland	Uttale til kommuneplan Masfjorden 2011-2023 - 2. gongs høyring
73	I	16.04.2012	Kystverket Vest	Kommuneplan for Masfjorden 2011-2023, uttalelse/innsigelse
74	I	17.04.2012	Fiskeridirektoratet region Vest	Masfjorden kommune Hordaland - Kommuneplan for 2011-2023 - 2. gongs høyring. Uttale.
76	I	19.04.2012	Kartverket	Merknad til kommuneplanen - funksjonell strandsone
79	I	03.05.2012	Lars Selmar Alsaker	VS: Forslag til kommuneplan - Masfjorden kommune
78	I	03.05.2012	Lars Selmar Alsaker	Dokumenter for uttalelse til kommuneplanen

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Masfjorden kommune v/rådmann har utarbeidd framlegg til kommuneplan for Masfjorden kommune 2012 – 2024.

HØYRING

Kommuneplanen for Masfjorden kommune vart sendt på 1.gangs høyring etter vedtak i kommunestyret 29.09.2011 og sendt på 2.gangs høyring etter vedtak i kommunestyret 21.02.2012. Høyringsfrist for 2.gangs høyring vart sett til 16.04.2012.

UTTALE

Det kom inn 12 merknader til kommuneplanen. Desse er oppsummert i eige vedlegg.

FAKTA

Som det går fram av samfunndelen er bru over Masfjorden hovudsatsingsområde til kommunen dei nærast åra. Då kommuneplanen vart sendt på 1.gangs høyring, var det ikkje utarbeidd forslag til trasé for fjordkryssing. I etterkant av denne høyringsperioden vart dette gjort, og arbeidet til vegdirektoratet vart lagt fram for politikarar og administrasjonen i Masfjorden kommunen 19.01.2012. Til dette møte var og statens vegvesen og fylkeskommunen invitert slik at dei og fekk informasjon om alternativa frå direktoratet.

Alle motsegner frå overordna myndigheiter var møtt i framlegg til kommuneplan som vart sendt på 2.gangs høyring. I tillegg var vegdirektoratet sine forlag til brutrasé tatt med i arealplankartet samt at 4 nye område som var konsekvensutgreidd, vurdert i høve til risiko og sårbarheit og lagt inn i arealplankartet.


Merknader til 2.gangs høyring gjeld i hovudsak to område; småbåthamn i Holo og Haugsøytangen.

VURDERING

SMÅBÅTHAMN HOLO

I gjeldande kommuneplan ligg det to byggeområde i Holo; eit område på land til naust (grå farge) og eit område i sjø til båthamn (lys blå). I same plan ligg det to byggeområde i Karvika (rett sør for Holo); eit område på land til service / fritid (lys grønt) og eit område i sjø til båthamn (lys blå). Disse to område er vist på skissa til høgre.


Reguleringsplanarbeidet for Karvika vart starta opp umiddelbart etter at kommuneplanen var vedteken i feb 2006. Reguleringsplanen for Karvika vart vedteken av Masfjorden kommunestyre 14.12.2006.



Våren 2006 starta kommunen opp prosjekt livskraftige kommunar der hovudfokuset var folketalsauke. Ein laga då til ei brosjyre (som og ligg på heimesida) der ein reklamerte for ledige bustadtomter. Då ein laga denne brosjyren, var reguleringsplanarbeidet for båthamn i Karvika i full gang. Brosjyren (og innhaldet på heimesida) har ikkje vore endra sidan det vart laga. Når det i brosjyren, og på heimesida til kommunen, vert vist til at det er etablering av båthamn på gang i området, er det reguleringsplanarbeidet for Karvika det er tenkt på.

Reguleringsplanen for Karvika vart oppheva i kommunestyrevedtak 05.11.2007. Båtlaget fekk ikkje avtale med grunneigar på staden og kunne ikkje etablere seg der. Båtlaget ønskte i staden for å etablere seg i Holo.

Reguleringsplanarbeidet for Holo vart starta opp ved vedtak i planutvalet november 2007. Allereie i



oppstartsvedtaket tok ein høgde for at omfanget av båthamna skulle utvida slik skissa til høgre viser. Det vart uttrykt politisk vilje for at planområdet i sjø skulle utvidast og at kommunen sjølv skulle bistå båtlaget i planleggingsprosessen.


Planoppstartsvedtaket frå planutvalet vart sendt grunneigarane / berørte naboar i området, men det vart ikkje sendt formell oppstartsmelding til offentlege organ slik lovverket krev. Grunna at sakshandsamar slutta i kommunen, vart saka ikkje følgt opp slik ho burde frå kommunen si side. Når dette vart purra opp, var kommuneplanprosessen kome godt i gang og det var naturleg å ta småbåthamn i Holo med som eit nytt innspel i denne prosessen.

Både etter at oppstartsvedtaket vart sendt ut og etter 1.gangs høyring av kommuneplanen, har nokre av dei berørte naboane gitt uttrykk for at dei er i mot prosjektet. Masfjorden kommunen var difor kjent med desse protestane før 2.gangs høyring, samstundes som all korrespondansen viser at og dei berørte naboane kjenner grunneigar og kommunen sitt ønsker om å etablere båthamn i Holo.

Rådmannen finn og grunn til å peike på at det berre er det "nye" arealet (mørkast blå i skissa til høgre) som er konsekvensutgreidd; altså caa 4 daa utelukkande i sjø. Arealet på land og dei første metrane av sjø-arealet ligg i gjeldande kommuneplan og er difor ikkje underlagt plikt om KU og ROS-analyse ved denne endringa av kommuneplanen. Tiltak på land som er knytt til ei småbåthamn er berre perifert knytt til konsekvensutgreinga for dette nye arealet, då ein legg til grunn at desse tilhøva vart vurdert sist ein reviderte kommuneplanen etter det lovverket som gjaldt då.



Grovanalysen avdekkar ikkje stor risiko i samband med å etablerer båthamn på innspelt nytt areal i Holo, men det er likevel sett krav til eigen ROS-analyse i reguleringsplanssamanheng. Dette heng saman med at omtalt areal ligg i aktsemdkartet for snøskred (rosa i skissa til høgre) og at ei mogleg hending hamna "på raudt" i risikomatrissa. Alle byggeområde både på land og sjø som ligg i aktsemdkartet for steinsprang eller snøskred må vurderast av fagkunnige før løyve til tiltak kan gjevast. For ei båthamn i Holo er det naturleg at område som skal byggast ut vert vurdert av geolog i reguleringsplanssamanheng.



Teorien nytta for utarbeiding av akseptkriterier seier at alle moglege hendingar som hamnar på gult og raudt skal vurderast nærare, og ein skal kome opp med kompenserande tiltak for å minske risikoen for ei hending skal tiltaket som er vurdert, kunne gjennomførast. Det er hendinga Ureining / Støy som hamnar i gult og raudt. Ei småbåthamn kan difor ikkje etablerast før det er gjort greie for kompenserande tiltak for denne moglege hendinga slik at risikoen for ureining vert akseptabel. Etablering av eigna sanitær-/ tømme- og båttrafikk i området, vil vere eit eksempel på tiltak som vil minske risikoen for uønska ureining.

Det var innbyggjarane og båtfolket som først tok initiativ til å etablere småbåthamn på Kvingo. Dette viser at det er behov for båthamn i område. Etter det kommunen kjenner til, er det gjennomført forhandlingar med fleire grunneigarar i området, og ein kom fram til Holo som det beste alternativet.

Rådmannen har vurdert innspela frå innbyggjarar og hytteeigarar i området som er kritiske til Holo som småbåthamn. Innspela tar opp viktige spørsmål som må avklarast gjennom reguleringsplanarbeidet.

ANKRINGSFELT PÅ HAUGSØYTANGEN


Kystverket si oppmoding om å leggja inn ankringsområde utafor Haugsøytangen i kommuneplanen kom som ei overrasking på rådmannen. Kartfesting av dette ankringsområde med nemnde arealbruksføremål har ikkje tidlegare vore kommunisert til kommunen på nokon måte.

Kystverket gjorde Masfjorden kommune kjend med at området utanfor Haugsøytangen var utpeika som nødhamn i 2008. Kommunen hadde den gong – og heller ikkje i dag - merknader til dette. Me vurderer det slik at sikkerhetsprosedyrane ved bruk av området som nødhamn er gode og at risikovurderingane som er gjort for område er akseptable. Viss område kjem i bruk som nødhamn vil bruken av området for oppankring vere tidsavgrensa, kommunen vil vert informert, overordna myndigheiter vil vite kva båt det er og kva last han fører slik at nødvendig beredskap vil verte etablert.

FISKERIINTERESSER I OMRÅDE

Det kartfesta område som Kystverket ynskjer inn som ankringsområde, ligg langt inn i område som er sett av til viktig friområde i sjø (lys blå farge) og er i konflikt med eit fiskeområde og eit gyteområde (begge mørke blå) kartfesta av fiskeridirektoratet.


Dette er eit godt dokumentert fiskeområde og rådmannen er kjend med at dette fiskeområde er i bruk med fiskereidskap som garn og teiner. Område er og sannsynlegvis eit godt gyteområde for kysttorsken med dei dokumenterte gode botnforholda i område. Masfjorden kommune ser ikkje at desse to formåla kan kombinerst med ankringsområde



NATURMANGFALD

Masfjorden kommune har som ei hovudsatsing i arealdisponering at øyriket i ytre Masfjorden skal vere eit friområde. Dette har vore ein bevisst strategi i over 40 år og område har blitt stadig meir verna etter som lovverket har utvikla seg både med naturmangfald og landskapsvern.


I 2008 fekk og område (kalla Herøyosen) status som viktig regionalt friluftsområde i kartlegging gjort av Hordaland fylkeskommune. Store deler av område er vurdert som inngrepsfritt (INON) (grønne fargar) og det er fleire sjøfuglreservat og naturtypar (raude område) og prioriterte viltområde (lys brun) innafor område. Det er og kartfesta raudlisteartar (ikkje vist) i område.



Samla sett utgjer øyriket eit verdifullt kulturlandskap mest utan tekniske inngrep. Alle desse omsyna må tilsei ei grundig konsekvensutgreiing for område kanskje med hovudvekt på naturmangfaldet.

YNDESDELSSVASSDRAGET

Det verna Yndesdelsvassdraget (blå skravur) har sitt endelege utløp i øyriket. Det er knytt økonomiske interesser til laksefiske i det verna vassdraget både frå statleg/kommunalt hald (kalking) og frå private (tilrettelegging av fiskeplassar og sal av fiskekort). Akvakultur / oppdrett får ikkje etablera seg her pga det verna vassdraget.



Hekkeområde for gås er markert med rosa sirkelar og kjernområde landbruk med grøn skravur

FRILUFTSLIV OG REKREASJON

Skjergarden i Masfjorden og indre del av Gulen er mykje nytta som friluftsområde både lokalt og regionalt. Det er mange ubebygde holmar og skjer å gå i land på i område og med mange fine sund og grunner der det eit trygt område for kajakk og mindre båtar. Dei aller fleste hyttene ligg på fastlandet knytt til dette område. Masfjorden kommune har hatt ein politikk for å bevare desse øyane inngrepsfrie over lang tid og har svært sjeldan gjeve dispensasjon til nybygg i øyriket. Initiativ for hyttebygging / kommersiell utnytting av området, har kommunen stogga heilt.

OBSERSVASJONAR



Bildet frå 7.mai 2012 viser to skip som ligg på Haugsøytangen samstundes

Rådmannen ser at området er i bruk til oppankring i dag, og at bruken har vore aukande den siste tida. Innspela som kommunen har fått frå lokalbefolkninga med uynskte hendingar har og auka. Erfaringar den siste tida kan oppsummerast slik:

- Lokale fiskarar har fått øydelagt garn, teiner mv ved oppankring
- Innbyggjarar på øyane og lokale fiskarar melder om bråk frå skip /riggar og observerer arbeid på desse, mogleg sandblåsing spyling og vasking med synleg ureiing i sjøen.
- Det er observert at det kjem mindre båtar til område som server dei skipa / riggane som ligg oppankra
- Ved riggoppankring ser dei at ein førebur ankring i vekene i forkant - det er tale om planlagt bruk
- ”Mar Christina” vart observert oppankra på Haugsøytangen berre dagar før eksplosjonsulukka (sjå faksimile frå Avisa Nordhordland mars 2012)

Kom frå Haugsøytangen

Ein kraftig eksplosjon ramma skipet ”Mar Christina” i august i fjor. Skipet hadde då lagt på Haugsøytangen berre dagar tidlegare.

–Hendinga er skremmande, og viser berre kva type båtar som kan vera innom Haugsøytangen. Dette skipet låg utanfor skjergården vår berre kort tid før ulukka, seier Masfjord-ordførar Karstein Totland.

Eksplosjonen skjedde ved kai i Sandefjord i fjor sommar. Årsaka var truleg gass som hadde fått

utvikla seg over tid i ein tank. ”Mar Christina” er registrert på Malta. Skipet transporterte kjemikalier og avfall. Bellona valde i ettertid av eksplosjonen å melda både reiarlaget og verksemda DVS Norge til politiet. DVS Norge er elles same selskap som har vore i søkjelyset i samband med mottak og lagring av farleg avfall. Verksemda har hatt eit anlegg på Mongstad Sør. For berre nokre dagar sidan vart det kjent at den internasjonale oljegiganten Halliburton har kjøpt opp dette anlegget og samstundes overtatt alle forpliktelsar frå førre eigar.

BEREDSKAP

Masfjorden kommune er uroa for beredskapssituasjon i områdetingen kontroll sidan kommunen er ikkje medlem i noko hamnevesen. Me har og blitt klar over at trafikkstasjonen på Fedje ikkje har mynde i vårt område. Kommunen har eit friviljug brannvesen basert på tilkallingsmannskap. Me har ikkje vaktordning eller kassernert personell til ein førsteinnsats ved ei hending. Vesttankulukka viste oss at det tok lang tid før trenar og utdanna personell frå industriverksemdene og Bergen brannvesen kom til staden.

Slik me oppfattar det kan skip som vert avvist av offentlege og private hamnemyndigheter fritt velje Haugsøytangen som ankringsområde. Me er redd for at det er dei useriøse aktørane som ankrar her for å spare pengar. Dette uroar oss hovudsakleg grunna:

- kommunen har ikkje beredskap for område slik det vert nytta i dag. Det er heller ikkje veg til område; ein må nytte båt
- det er eit vanskeleg område å skjerme skulle det skje ei hending utan fast land – berre øyar – bak Haugsøytangen.
- Etter erfaringa med VestTank ulukka og fokus på all avfallstrafikk til Sløvåg som LRA, borekaks, og anna avfall frå oljeindustrien, fryktar me at ei hending på Haugsøytangen vil gjere uboteleg skade på eit øyrike som er verna av fleire lovverk.

SAMLA VURDERING

Rådmannen har vurdert motsegna frå Kystverket der dei krev at Masfjorden kommune legg inn det kartfesta området som ankringsområde i kommuneplanen. Rådmannen kan ikkje sjå at det er grunnlag for å etterkoma dette kravet. Plan- og bygningslova set krav til at alle nye arealformål skal konsekvensutgreiast før dei kan leggest inn i kommuneplanen. Masfjorden kommune saknar ei utgreiing frå kystverket som samla set ny bruk av område opp mot verdiane dokumenter for område, gjerne i form av ei konsekvensutgreiing etter gjeldande lovverk med ei påfølgjande ROS-analyse. Berre med dette på plass kan kommunen få ei oversyn over kva risiko som er akseptabel og kva konsekvensar dette får for beredskapen.

Rådmannen meiner at grunngevinga frå Masfjorden kommune i kommuneplanarbeidet der området er sett av som viktig friområde i sjø må følgjast ut frå følgjande vurderingar:

- Arealformål ankringsområde er i konflikt med verdikartet som er ein del av kommuneplanen. Dette viser at det kartfesta ankringsområdet ligg midt i eit svært verdfullt naturområde med fugl og inngrepsfri natur knytt til munningen av eit verna vassdrag
- Arealformål ankringsområde er i konflikt med eit fiskeområde og gyteområde kartfesta av fiskeridirektoratet.
- Arealformål ankringsområde kjem i konflikt med Naturmangfaldslova miljørettslege prinsipp som:
 - Kunnskapsgrunnlaget som skulle tilseie konflikt mellom arealformål er godt dokumentert i vårt verdikart
 - Faktisk hending i Gulen i 2007, kystverket sin oversikt over trafikkdata i fjorden og risikoen knytt last ført i vårt område tilseier – etter vår meining - ei føre var haldning som ikkje tillet fri oppankring på Haugsøytangen.

- Arealformål ankringsområde ligg ikkje i framlegg til den interkommunal Fensfjordplanen. Denne planen legg opp til etablering av 3 nye ventebøyer i nærleiken av Haugsøytangen og rådmannen meiner at dette vil vere ein sikrare og meir miljøforvarleg driftsmetode for skipstrafikken enn fri oppankring utan tilsynsmynde.

Rådmannen ser at bruk av Haugsøytangen til ankring har vore aukande den siste tida. Rådmannen meiner at Masfjorden kommune ut frå grunngevinga over må be Kystverket om å ta område ut av sine kart som mogleg ankringsområde pga dei store natur-, friluft- og rekreasjonsverdiane som er representert i området..

KONKLUSJON

Rådmannen har vurdert innspela frå innbyggjarar og hytteeigarar i området som er kritiske til Holo som småbåthamn. Rådmannen meiner at ein god reguleringsplanprosess vil finne tenlege løysingar og lar område ligge i kommuneplanen.

Rådmannen har vurdert motsegna frå kystverket opp mot gjeldande lovverk. Rådmannen meiner at arealformål ankringsområde kjem i konflikt med nasjonale verdier og tar ikkje motsegna frå kystverket til følgje.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	31.05.2012	045/12	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-700, N-561.4	Arkivsaknr.: 10/124
-----------------------	---------------------

SAK 045/12 - MASFJORDSAMBANDET - LØYVING AV EIGNE MIDLAR TIL PROSJEKTET

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Masfjorden kommune går inn med 40 mill.kr. som eigenfinansieringsdel Masfjordsambandet
2. Det vert gjort ei årleg avsetjing på 1 mill.kr. frå kraftfondet til brufond til prosjektet vert realisert og finansieringsbehovet oppstår
3. Restsum mellom 40 mill.kr. og oppsamla midlar i brufondet vert ved oppstart finansiert ved låneopptak, kor årleg avdrag og rente vert dekkja av kraftfondet.

Finansiering

Kraftfondet

Heimel

Vedtektene for kraftfondet,
KS 27.4.2012

KS-045/12 VEDTAK:

1. Masfjorden kommune går inn med 40 mill.kr. som eigenfinansieringsdel Masfjordsambandet.
2. Det vert gjort ei årleg avsetjing på 1 mill.kr. frå kraftfondet til brufond til prosjektet vert realisert og finansieringsbehovet oppstår.
3. Restsum mellom 40 mill.kr. og oppsamla midlar i brufondet vert ved oppstart finansiert ved låneopptak, kor årleg avdrag og rente vert dekkja av kraftfondet.

Det skjedde i Kommunestyret den 31.05.2012:

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Vigdis Søvik, Sp, gjorde framlegg på eit nytt pkt 4.

Unytta midlar vert tilført uavkorta i kommunen til samferdsle/vegopprusting.

Frode Langhelle, H, sa at me må ha tru på prosjektet, og må stå for vedtaket som ligg frå rådmannen.

Søvik kunngjorde at Sp trekkjer framlegget til nytt pkt. 4.

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
3	U	22.05.2010	Kommunestyret	Referat frå møte i arbeidsgruppa for bru over Masfjorden 21.mai 2010
5	U	01.06.2010	Politisk arbeidsgruppe; Håkon Matre; Liv Oda Dale; Kari Skår Sørheim	Melding om politisk vedtak - Samferdselsutfordringar i Masfjorden kommune - Forprosjekt bru over Masfjorden
6	U	11.01.2011	Kommunestyret	Referat frå møte i arbeidsgruppa den 11.01.11
7	I	13.12.2011	Statens vegvesen	Bru over Masfjorden - skisseprosjekt
8	U	03.01.2012	div. jf. adresseliste	Invitasjon til arbeidsmøte kring bru over Masfjorden
10	U	30.01.2012	Hordaland Fylkeskommune	Masfjordbrua
11	U	16.02.2012	Dei valde	Melding om politisk vedtak - Prosjekt bru over Masfjorden - status og ny politisk arbeidsgruppe

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Kommunestyret den 27.april under skriv og melding tok m.a. for seg kommunal medfinansiering av Masfjordsambandet/bru, og ein einast om følgjande til vidare arbeid med finansieringsløyising jf. møteprotokollen for aktuelle Kommunestyremøte.

- Fond/eigenkapital Masfjordsambandet
Kommunen har vurdert eigenfinansieringsdel, om lag 40 mill.kr. som vil utgjere ca. 5% av totalprosjektet - gjennom årleg avsetjing av konsesjonsavgiftene med 1 mill.kr. sett over 40 år = 40 mill.kr

FAKTA

Status på Masfjordsambandet slik det no ligg føre,
Anleggskostnader Alt. 1, Hengebru

Bru 730 mill.2011-kr.

Tilførselsveggar: 30 mill.2011-kr.

SUM 760 mill.2011-kr.

Finansieringskjelder: 320 mill.kr. (bompengar)
400 mill.kr. (fylkeskommunale midlar)
40 mill.kr. (kommunale tilskot)
760 mill.kr. (SUM)

Masfjorden kommune får konsesjonsavgift med om lag 2,5 mill.kr., årleg. Under følgjer litt saksa frå vedtekter og retningsliner kraftfondet (utover dette viser eg til årsmelding kraftfondet 2011).

a. Avkastning:

- Årleg konsesjonsavgift som vert innbetalt av Bergenshalvøens kommunale kraftselskap (BKK) i medhald av konsesjonsvilkåra for Matre- og Haugsdalsvassdraga.
- Renter og annan avkastning av fondskapitalen

Avkastninga kan nyttast til tilskot og/eller lån.

VEDTEKTER FOR MASFJORDEN KRAFTFOND

§ 2 Føremål

Kraftfondet skal i hovudsak nyttast til næringsføremål. Fondet kan og nyttast til kommunale tiltak som tryggjer og aukar busetnaden i Masfjorden kommune.

Fondet's midlar kan berre nyttast til investeringar i varige driftsmidlar.

RETNINGSLINER FOR BRUKEN AV KRAFTFONDET

Til § 2 Føremål

Kraftfondet kan og nyttast til utbygging av kommunale fellestiltak som kommunikasjonar, barnehagar, skular, helse- og sosialinstitusjonar, samfunnshus og idrettsanlegg. Til desse formåla kan fondet nyttast til støtte investeringar, ikkje drift. *Kommunen bør prioritere kraftfondet til direkte næringsutvikling framfor denne typen kommunale fellestiltak.*

VURDERING

Konsesjonsavgifta er den mest stabile inntektskilda (av div. kraftinntekter til kommunen), og den som Kommunestyre den 27.april slutta seg til som finansieringskilde til kommunal finansieringsdel, førebels sett til 40 mill.kr. av totalprosjektet på 760 mill.kr og dermed litt over 5% finansieringsdel frå kommunen si side.

Ein sett av 1 mill.kr. årleg til fond fram til realisering, deretter knytter ein finansieringa til låneopptak (40 mill.kr. til låneopptak minus det som ein har opparbeidd i fondsmidlar), kor midlane går til dekking av rente- og avdrag på dette lånet til det er nedbetalt.

Å bruke konsesjonsavgifta til bru/Masfjordsambandet er i tråd med føremålet til kraftfondet, og i tråd med hovudsatsinga til kommunen (jf. m.a. kommuneplanen), og god nytting av midlane. Situasjonen dei seinare år er at kraftfondet går med til dels store mindreforbruk, slik at omlegging og prioritering av Masfjordsambandet ikkje treng å gje dei store konsekvensane, men nokre tiltak må nedprioriterast som støtte elles til næringslivet etc.

KONKLUSJON

Masfjorden kommune går inn med 40 mill.kr. som eigenfinansieringsdel Masfjordsambandet, i form av ei årleg avsetjing på 1 mill.kr. frå kraftfondet til brufond til prosjektet vert realisert og finansieringsbehovet oppstår. Restsum mellom 40 mill.kr. og oppsamla midlar vert i brufondet vert ved oppstart finansiert ved låneopptak, kor årleg avdrag og rente vert dekkja av kraftfondet. Avklaring kring låneopptak utover eiga handlingsregel vert å ta opp med Fylkesmannen i ein tidleg fase.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	31.05.2012	046/12	Grethe Haugsvær

Arkiv: N-103	Arkivsaknr.: 12/376
--------------	---------------------

SAK 046/12 - 1. TERTIALRAPPORT 2012 - REKNESKAPSOVERSYN 01.01.- 30.04.2012

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1.tertialrapport 2012 vert teken til vitring.

Finansiering

Ikkje aktuelt, viser til sak om budsjettrevisjon juni 2012

Heimel

m.a. Økonomireglementet – kap. 8 om rapportering

Utskrift til:

Driftseiningane (sjølve rapporten)

Revisjonen (sak + rapport)

KS-046/12 VEDTAK:

1.tertialrapport 2012 vert teken til vitring.

Det skjedde i Kommunestyret den 31.05.2012:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen tok ein gjennomgang på tertialrapporten og kommunestyret stilte spørsmål.

Røysting:

1. tertailrapport 2012 vart samrøystes teke til vitring.

SAKSTILFANG:

SAKSUTGREIING:

SAKSVEDLEGG:

1.tertialrapport 2012 – eige hefte

BAKGRUNN

Målet med tertialrapporten er å gje ein statusrapport for den økonomiske stoda, vesentlege utviklingstrekk og synleggjere eventuelle endra tilhøve i forholdet til budsjettet for 2012, for å kunne gjere/føreta nødvendige tilpassingar av drifts- og investeringstiltaka.

PERIODISK RAPPORTERING

Etablert praksis over mange år i Masfjorden har vore at kommunestyret handsamar følgjande rekneskapsrapportar:

1. tertialrapport for perioden 1.1. – 30.04
2. tertialrapport for perioden 1.1. – 30.08
3. Årsrekneskapen skal handsamast innan 1. juli.

8.2.1 Innhaldet i rapporten til rådmannen

Tertialrapportane til rådmannen skal ha følgjande obligatoriske innhald:

1. Taldel
2. Kommenterar/vurderingar
3. Evt. tiltak for å rette opp budsjettbalansen
4. Konklusjon/årsprognose

1. Taldel

Frå driftsrekneskapen (drifts- og finansieringspostar) skal følgjande rapporterast:

Ansvarsområde	Akkumulert hittil i år			2012		
	Budsjett	Drift	Reelt avvik	Årsbudsjett	Prognose	Avvik
Sandnes barnehage 20102 Lokaler Sandnes barnehage 22102	-	-	-	-	-	-
Resultat/netto forbruk	-	-	-	-	-	-

Tabellen viser 3 avvik:

- ◆ Rapportavvik, dvs. dei avvik rekneskapsrapportane frå økonomisystemet viser
- ◆ Reelt avvik, dvs. avvik etter korrigeringar for feil periodisering og manglande posteringar
- ◆ Prognose for året, dvs. samla reelt avvik for budsjettåret

2. Kommenterar/vurderingar

Driftseiningane må kommentera/vurdera:

- ◆ Reelle avvik
- ◆ Evt. differanse mellom rapportavvik og reelle avvik
- ◆ Prognose for årsavvik

Kommentarane skal vere korte og bør seie noko om kor sikre eller usikre vurderingane er.

3. Tiltak

Dersom det reelle avviket er stort, må ein gjera greie for tiltak dei vil setje i verk på kort og lengre sikt for å få budsjettet i balanse.

4. Konklusjon/årsprognose

Det må her gjerast greie for korleis etaten reknar med at den vil kome ut i høve til gjeldande økonomiske ramme.

HØYRING/UTTALE

Den løpande rapporteringa frå driftseiningane går bra, overgang til nytt økonomisystem har danna grunnlag for forenkla rapporteringa frå einingane. Hovudtrekk av tilbakemeldingane frå driftseiningane vert teke med i vurderingsdelen og tekstdelen til driftsrekneskapan i sjølve 1.tertialrapporten.

FAKTA

Jf. rapporten/saksvedlegg.

VURDERING

Jf. rapporten/saksvedlegg.

KONKLUSJON

Ein tilrår at 1.tertialrapport vert teken til orientering – budsjettrevisjon som eiga sak juni 2012, – men det vil klart vere behov for ytterlegare budsjettendringar utover i 2012.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	22.05.2012	050/12	Alf Strand
Kommunestyret	31.05.2012	047/12	Alf Strand

Arkiv: N-211	Arkivsaknr.: 09/823
--------------	---------------------

SAK 047/12 - REDUSERT FORELDREBETALING FOR BARNEHAGANE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune gjeninnfører ordning med reduksjon i eller fritak frå foreldrebetaling for barnefamiliar med lågast betalingsevne med verknad frå 15. august 2012. Følgjande reglar skal gjelda:

- * Ektepar/sambuarar med årleg samla bruttoinntekt under kr 220000 kan søkja om fullt eller delvis fritak for foreldrebetaling.
- * Einslege forsørgjarar med årleg samla bruttoinntekt under kr 150000 kan søkja om fullt eller delvis fritak for foreldrebetaling.
- * Rådmannen fastset detaljar i reglane om redusert foreldrebetaling, også indeksregulering av satsane og syter for at foreldre vert gjort kjende med dei nye reglane.

Finansiering

Må takast høgde for i budsjettet for 2013.

Heimel

FS-050/12 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Masfjorden kommune gjeninnfører ordning med reduksjon i eller fritak frå foreldrebetaling for barnefamiliar med lågast betalingsevne med verknad frå 15. august 2012. Følgjande reglar skal gjelda:

- Ektepar/sambuarar med årleg samla bruttoinntekt under kr 220000 kan søkja om fullt eller delvis fritak for foreldrebetaling.
- Einslege forsørgjarar med årleg samla bruttoinntekt under kr 150000 kan søkja om fullt eller delvis fritak for foreldrebetaling.
- Rådmannen fastset detaljar i reglane om redusert foreldrebetaling, også indeksregulering av satsane og syter for at foreldre vert gjort kjende med dei nye reglane.

Det skjedde i Formannskapet den 22.05.2012:

Saka vart drøfta.

Alternativt framlegg frå Ap:

- **Ektepar/sambuarar med årleg samla bruttoinntekt under kr 220000 får fritak for foreldrebetaling.**
- **Einslege forsørgjarar med årleg samla bruttoinntekt under kr 150000 får fritak for foreldrebetaling.**

Ved røysting fall endringsframlegget til Ap med 1 mot 4 røyster.

KS-047/12 VEDTAK:

Masfjorden kommune gjeninnfører ordning med reduksjon i eller fritak frå foreldrebetaling for barnefamiljar med lågast betalingsevne med verknad frå 15. august 2012. Følgjande reglar skal gjelda:

- **Ektepar/sambuarar med årleg samla bruttoinntekt under kr 220000 kan søkja om fullt eller delvis fritak for foreldrebetaling.**
- **Einslege forsørgjarar med årleg samla bruttoinntekt under kr 150000 kan søkja om fullt eller delvis fritak for foreldrebetaling.**
- **Rådmannen fastset detaljar i reglane om redusert foreldrebetaling, også indeksregulering av satsane og syter for at foreldre vert gjort kjende med dei nye reglane.**

Det skjedde i Kommunestyret den 31.05.2012:

Saka vart drøfta.

Arthur Sjursen, Ap, opprettheld framlegget sitt frå formannskapet den 22.05.2012.

- *Ektepar/sambuarar med årleg samla bruttoinntekt under kr 220000 får fritak for foreldrebetaling.*
- *Einslege forsørgjarar med årleg samla bruttoinntekt under kr 150000 får fritak for foreldrebetaling.*

Marit Steinestø, KrF, sa at det skulle gått fram i sakstittelen at det gjeld barnehage og SFO.

Alf Strand sa denne saka gjeld barnehage og ikkje SFO.

Marit Steinestø ba om at det blir laga ei eiga sak på foreldrebetaling til SFO

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart røysta opp mot Ap sitt framlegg,

Formannskapet si tilråding der barnehage vert teke med i sakstittelen, vart vedteke med 15 røyster mot ei røyst. (ein frå Ap)

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	U	01.12.2009	Indre Masfjorden barnehage	Varsel om tilsyn
2	I	14.01.2010	Indre Masfjorden barnehage	Sjekkliste i samband med tilsynet i Indre Masfjorden barnehage
3	U	19.02.2010	Fleire mottakarar	Rapport etter tilsyn
4	U	09.04.2010	Nordbygda barnehage	Varsel om tilsyn etter lov om barnehagar
5	I	11.05.2010	Nordbygda barnehage	Sjekkliste i samband med tilsyn i Nordbygda barnehage den 10. juni 2010
7	I	14.06.2010	Styrar Gro Henny Mo	Rapport etter tilsyn med Nordbygda barnehage
6	U	28.06.2010	Fleire mottakarar	Rapport etter tilsyn
8	I	12.01.2012	Fylkesmannen i Hordaland	Tilsyn med Masfjorden kommune - barnehagelova
9	U	08.02.2012	Fylkesmannen i Hordaland	Tilsyn med Masfjorden kommune som barnehagemynde
10	I	11.04.2012	Fylkesmannen i Hordaland	Rapport fra tilsyn med Masfjorden kommune som barnehagemynde

SAKSUTGREIING:**BAKGRUNN/ FAKTA**

Fylkesmannen i Hordaland varsla i brev av 12.01.2012 om at ein ville halda tilsyn med dei ordningar Masfjorden kommune har når det gjeld å tilby barnefamiljar med lågast betalingsevne reduksjon eller fritak frå foreldrebetaling. Fylkesmannen hadde med bakgrunn i innsende rapportar grunn for å spørja om Masfjorden kommune har ordningar som er i samsvar med regelverket. Tilsynet blei utført som brevtilsyn der Fylkesmannen bad om å få tilsendt dei dokumenta som er relevante på tilsynsområdet. Masfjorden kommune sende inn alle relevante dokument til Fylkesmannen 23.01.12.

I forskrift om foreldrebetaling i barnehagar §3 tredje ledd står det: "Alle kommuner skal ha ordningar som kan tilby barnefamiljar med lavest betalingsevne en reduksjon eller fritak for foreldrebetaling".

Ei slik ordning har ikkje Masfjorden kommune hatt sidan 2005. Då vart det innført ei ordning med berre 5-dagarsplassar. Prisen vart sett til kr 1600 pr måned. Samstundes fall søskenmoderasjonen bort. Det same gjorde ordninga med redusert pris for dei foreldra med lågast betalingsevne. Dette skjedde i samråd med foreldra. Søskenmoderasjonen vart innført på nytt i 2010 etter ønske frå foreldra. I det årlege vedtaket om barnehagesatsar står det at rådmannen har fullmakt til å vurdere betalinga i særskilte høve. Det har vore praktisert slik at foreldre som har søkt om redusert opphaldstid i barnehagen, ofte på bakgrunn av økonomiske tilhøve, har fått det.

Etter Fylkesmannen sitt syn er ikkje dette tilstrekkeleg. I rapporten frå tilsynet har Fylkesmannen formulert følgjande avvik:

”Masfjorden kommune som barnehagemynde har ikkje ordningar for barnefamiljar med lågast betalingsevne som er i samsvar med regelverket”. Fylkesmannen slår fast at ”kravet om at kommunen skal tilby reduksjon eller fritak for foreldrebetaling, gjeld for den plassen barnet har, og gjeld ikkje redusert betaling som følge av redusert opphaldstid.”

Kor mykje barnehageplassen i utgangspunktet kostar, har ikkje noko å seia. Kommunar som ligg under den nasjonale maksprisen, er òg forplikta til å tilby reduksjon eller fritak frå foreldrebetalinga.

VURDERING

Masfjorden kommune har frist til 1. juli 2012 med å gje tilbakemelding på avviket.

Kommunen må retta seg etter fylkesmannen sine vurderingar i denne saka. Det er ikkje direkte uventa at denne saka kjem opp, me har vore klar over at vedtaket frå 2005 om barnehageprosjektet i beste fall var på kanten av det som forskrifta seier. Det me støtta oss på den gongen, var at foreldra heilhjarta slutta opp om prosjektet fordi dei nye satsane gjorde at dei totalt sett ville komma billegare frå det enn dei ville ha gjort med dei tidlegare satsane. Dette godtok dei trass i at gode som søskenmoderasjon og redusert betaling for dei med lågast inntekt, fall vekk.

Når det no er blitt påpeikt frå fylkesmannen at vår praksis ikkje er i samsvar med forskrifta, må Masfjorden kommune som barnehageeigar retta seg etter det. Kvar haust i samband med budsjetthandsaminga vedtek kommunestyret barnehagesatsar som skal gjelda frå 1. april året etter. Når fylkesmannen no peikar på at me ikkje har følgd reglane for foreldrebetaling, er det viktig at me rettar opp dette ved fyrste høve. Det vil seia at me frå nytt barnehageår tek til 15. august 2012 må gjeninnføra ordninga med reduserte satsar for barnefamiljar med lågast betalingsevne.

Kommunen har ikkje oversyn over bruttoinntekta til dei som søker om barnehageplass. Ordninga må difor vera slik at dei som meiner dei kjem inn under reglane, må søkja kommunen om heilt eller delvis fritak for foreldrebetaling. Kommunen må orientera foreldra om kva dei har rett på og kva reglar som gjeld.

KONKLUSJON

Rådmannen går inn for at Masfjorden kommune frå 15. august 2012 gjeninnfører ordning med reduksjon i eller fritak frå foreldrebetaling for barnefamiljar med lågast betalingsevne. Reglane vert konkretisert slik:

* Ektepar/sambuarar med årleg samla bruttoinntekt under kr 220000 kan søkja om fullt eller delvis fritak for foreldrebetaling.

* Einslege forsørgjarar med årleg samla bruttoinntekt under kr 150000 kan søkja om fullt eller delvis fritak for foreldrebetaling.

* Rådmannen fastset detaljar i reglane om redusert foreldrebetaling, også indeksregulering av satsane og syter for at foreldre vert gjort kjende med dei nye reglane.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	31.05.2012	048/12	Alf Strand

Arkiv: N-230	Arkivsaknr.: 12/358
--------------	---------------------

SAK 048/12 - HØYRING - ENDRING I LOV OM FOLKEBIBLIOTEK

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommunestyre støttar framlegget om at alle kommunar skal ha fagutdanna biblioteksjef, men meiner at det også etter ny lov må vera mogleg å søkja dispensasjon frå dette kravet på same måte som i dag. Kommunestyret har elles ingen merknader til høyringsframlegget.

Finansiering

Heimel

KS-048/12 VEDTAK:

Masfjorden kommunestyre støttar framlegget om at alle kommunar skal ha fagutdanna biblioteksjef, men meiner at det også etter ny lov må vera mogleg å søkja dispensasjon frå dette kravet på same måte som i dag. Kommunestyret har elles ingen merknader til høyringsframlegget.

Det skjedde i Kommunestyret den 31.05.2012:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
2	I	08.03.2012	Kulturdepartementet	Høyring - endring i lov om folkebibliotek

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Forslaga til endring i lov om folkebibliotek som no ligg føre, er ei oppfølging av St. meld.nr.23 (2008-2009): Bibliotek. Kunnskapsallmenning, møtestad og kulturarena i ei digital tid (bibliotekmeldinga) som vart lagd fram 2009.

Forslaga som er fremja er gjort for å fjerna alle vedtak som er av frivillig karakter og å gjera lovtekniske endringar.

Følgjande punkt er behandla i notatet:

- Harmonisering av lovvedtak for folkebibliotek og universitets- og høgskule bibliotek (UH-bibliotek)
- Justering av formålsparagrafen
- Organisering og drift av bibliotektenester
- Kompetansekrevet i folkebibliotekloven §5
- Fylkesbibliotek – folkebibliotekloven kap III
- Lovtekniske endringar

HØYRING

M.a. kommunane har fått denne lovendringa til høyring. Biblioteksjefane i Nordhordland har samarbeidd om ei høyringsfråsegn.

FAKTA

Harmonisering av lovvedtak for folkebibliotek og UH-bibliotek

Lånesamarbeidet er ryggraden i eit velfungerande biblioteknettverk. Gjeldande lov heimlar eit samarbeidande biblioteknettverk, men dette gjeld berre folkebibliotek. Lånesamarbeidet mellom folkebibliotek og universitets- og høgskulebibliotek er tufta på rettleiande retningsliner og dette samarbeidet fungerer godt. Departementet meiner at det ikkje er grunn til å regulera dette samarbeidet i lov.

Justering i formålsparagrafen:

Formålsparagrafen har stått uendra sidan 1985, den inneheld dei viktigaste elementa for å sikra alle fri tilgang til informasjon, kunnskap og kultur. I bibliotekmeldinga (St.meld.nr.23) vart det fremja forslag om å justere formålsparagrafen for å gjera biblioteket si rolle som møtestad og aktiv formidlar tydelegare. Det var òg framheva at brukarperspektivet må vera sentralt i utviklinga av dei digitale tenestene til biblioteket.

Departementet meiner at formålsparagrafen må justerast, slik at den og reflekterer det formidlingsansvaret og den møteplassfunksjon biblioteka har. Vedtaket bør vera teknologinøytralt for å gjera det klart at informasjon og kultur i alle format skal vera del av bibliotektenestene.

Organisering og drift av bibliotektenester:

Departementet slår fast at alle kommunar skal ha eit folkebibliotek. Dei meiner òg det er viktig at lova sikrar at kommunen er fri til å organisera bibliotekenestene sine på den mest hensiktsmessige måten. Vedtaka som gjeld legg allereie til rette for alternative samarbeidsformer.

Kommunen bør stå fritt til å vedta eige reglement for eiga bibliotekdrift innanfor folkebiblioteklova sine rammer, difor vert det gjort framlegg om å fjerna setninga : *veiledende retningslinjer som departementet gir for bibliotekdrift* i §4, siste ledd

Kompetansekravet i folkebibliotekloven

Departementet skriv i høyringsnotatet at: *Behovet for kompetente biblioteksjefer har vært og er fortsatt vurdert som meget viktig. Biblioteksjefens oppgave er å legge til rette for en mest mulig samordnet og helhetlig bibliotekstjeneste. Kravet til fagutdanning skal også bidra til effektiv ressursutnytting og sikre lokale basisfunksjoner i et nasjonalt nettverk.*

I bibliotekmeldinga (St.meld. nr.23) er det understreka at god bibliotekfagleg kompetanse er eit berande element i utviklinga av gode bibliotekenester. Ut i frå denne vurderinga har departementet utforma to alternativ:

Alternativ 1. Behalda kompetansekravet i folkebibliotekloven, men fjerna dispensasjon der kommunen ikkje får kvalifisert fagutdanna søkjar.

Alternativ 2: Fjerna kompetansekravet i lova, fastsetja funksjonskrav i forskrifta.

Departementet meiner det vert lettare å utvikla biblioteket som kunnskapsallmenning, møtestad og kulturarena vert gjennom god bibliotekkompetanse på leiarnivå i kommunen. Dei går difor inn for alternativ 1. og at den generelle dispensasjonsordninga vert fjerna.

Fylkesbibliotek

Folkebiblioteka har god nytte av fylkesbiblioteket som rådgjevar og for å kunne delta i ulike utviklings og kompetansetiltak. Departementet meiner det regionale leddet er viktig for å få til ei god forankring av den statlege bibliotekpolitikken. Vidare vert det understreka at:

Dersom fylkeskommunen skal kunne yte god, relevant veiledning både til kommunen som bibliotek-eier og til folkebibliotek og skolebibliotek, er det viktig at fylkeskommunen har bibliotekfaglig kompetanse på ledernivå.

Fylkesbiblioteka bør ha ei sentral rolle når det gjeld å byggje opp nettverk og kompetanse-

Lovtekniske endringar:

Departementet har nokre tekniske endringar som dei ønskjer å gjennomføre slik som bibliotekenester for pasientbibliotek, reglement for folkebibliotek, samarbeid med skular og særlege statstilskott.

VURDERING

Det er positivt at departementet følgjer opp St.meld. nr. 23 Bibliotekmeldinga med desse framlegga. Det er følgjande å seia om dei ulike punkta:

Harmonisering av lovvedtak for folkebibliotek og UH-bibliotek

Det er utan tvil eit godt samarbeid mellom folkebibliotek og UH-biblioteka. Det vil vera ei utfordring å få til god tilgang når det gjeld digitale media. Dette bør ikkje føre til lovregulering, men det bør finnast andre verkemiddel som t.d. felles nasjonale lisensar og statleg kompensasjon for netto-ytarar i lånesamarbeidet.

Justering i formålsparagrafen

Når departementet peikar på at formålsparagrafen bør reflektera det formidlingsansvar og den møteplassfunksjon biblioteka har, og at brukarperspektivet må vera sentralt i utviklinga av dei digitale tenestene, må vi slutta oss heilhjarta til dette. Det er eit viktig insitament for satsing og vidare arbeid for å nå nye brukarar og gjera tenesta betre.

Organisering og drift av bibliotektenester

Det er viktig at alle kommunar skal ha eit folkebibliotek og det er bra at departementet slår dette fast. Samstundes vert det opna for at kommunen er fri til å organisera bibliotektenestene sine på den mest hensiktsmessige måten. Når lovheimlinga av rettleiande retningslinjer for reglement fell bort vil det gje kommunen høve til ei gjennomgang av biblioteket sitt reglement.

Kompetansekravet i folkebibliotekloven

Det er viktig med god og rett kompetanse i alle ledd når det gjeld kommunale tenester, det er difor bra at departementet legg vekt på at alle kommunar skal ha fagutdanna biblioteksjef. Dette kompetansekravet må sjåast i samanheng med lova sin formålsparagraf. Det blir lettare å utvikla biblioteket som kunnskapsallmenning, møtestad og kulturarena gjennom god bibliotekkompetanse på leiarnivå i kommunen. I små kommunar som vår kan det av og til vera vanskeleg å få tak i fagutdanna biblioteksjef. Det må difor framleis vera råd å søkja om dispensasjon frå kompetansekravet.

Fylkesbibliotek

Fylkesbiblioteket i Hordaland har vore til stor støtte og hjelp i utviklinga av biblioteksamarbeidet i Nordhordland som no rundar 20 år. Fylkesbiblioteket har ein viktig funksjon i rettleiingsarbeidet, kompetansehevingstiltak, kurs og samlingar. Det er difor viktig at fylkesbiblioteket sine funksjonar vert styrka og at kompetansen vert i brukt på best mogeleg måte. Vi støttar departementet i at fylkeskommunen har bibliotekkompetanse på leiarnivå.

Lovtekniske endringar:

Det er nemnt fleire lovtekniske endringar som har liten effekt for kommunale bibliotek, men det er grunn til å stanse ved framlegget om å ta vekk §6 *Samarbeid med skoler*. Det er ikkje noko tilsvarende krav i opplæringslova for skulebiblioteka og det bør vera opp til kommunen å lage samarbeidsavtaler ut i frå lokale tilhøve.

KONKLUSJON

Masfjorden kommunestyre støttar framlegget om at alle kommunar skal ha fagutdanna biblioteksjef, men meiner at det også etter ny lov må vera mogleg å søkja dispensasjon frå dette kravet på same måte som i dag. Kommunestyret har elles ingen merknader til høyringsframlegget.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	31.05.2012	049/12	Alf Strand

Arkiv: N-21	Arkivsaknr.: 12/359
-------------	---------------------

SAK 049/12 - FORELDREUNDERSØKING SKULE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek resultatata frå foreldreundersøkinga våren 2012 til orientering.

Finansiering

Ikkje aktuelt

Heimel

KS-049/12 VEDTAK:

Kommunestyret tek resultatata frå foreldreundersøkinga våren 2012 til orientering.

Det skjedde i Kommunestyret den 31.05.2012:

Saka vart drøfta.

Kommunestyret var skuffa over det dårlege engasjementet i undersøkinga og det difor er vanskeleg å trekkja noko konklusjon.

Det vart likevel oppfordra til at ein må halda fram med å ha skuleundersøkingar og at ein på ein eller annan måte må prøva å få opp engasjementet til foreldra.

Rådgjevar Alf Strand sa at resultatet av undersøkinga vil bli fylgt opp på den enkelte skule. Resultatet er og ulikt frå skule til skule.

Røysting:

Foreldreundersøkinga vart samrøystes teken til orientering.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
3	I	21.05.2012	Masfjorden kommune	Resultat av foreldreundersøking skule

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN/ FAKTA

Kommunestyret har bede om at det vert sett i gang ei foreldreundersøking mellom foreldra til elevane i grunnskulen. Resultata vart etterlyst i kommunestyret seinast 27. april d.å.

Rådmannen tok til med arbeidet hausten 2011. Det har tatt litt tid m.a. fordi det fyrst måtte avklarast kva undersøking me skulle bruka. Det finst fleire undersøkingar på marknaden, me enda til slutt opp med den som utdanningsdirektoratet har laga.

Undersøkinga har gått føre seg i mars/april 2012 og administrert av rektor på kvar skule.

Undersøkinga har vore elektronisk. Siste frist for å svara var 30. april. Det gjekk ut puring nokre veker før fristen var ute. Dei foreldra som har fleire born på skulen, er bedne om å svara for det yngste barnet.

VURDERING

Svarprosenten er skuffande låg, berre opp under 32 %. Dersom ein skulle kunna stola skikkeleg på det som kjem fram i undersøkinga, burde svarprosenten vore det doble. Me veit ikkje kven som har svart, om det er dei mest engasjerte, dei mest fornøgde eller dei mest misfornøgde. På den andre sida er dette dei svara me har fått inn. Denne gongen var det ikkje fleire foreldre som engasjerte seg. Grunnane til det veit me ikkje. Rektorane har drøfta undersøkinga med FAU på eigen skule. Det har ikkje kome inn klage på at det var vanskeleg å delta på undersøkinga eller at det var tekniske utfordringar.

Av dei som har svart, er det overvekt av positive svar på dei fleste spørsmåla. Eit samandrag utrekna i prosent på nokre tema følgjer nedanfor.

Informasjon til og frå skulen:

80,9 % er meiner at skulen informerer om barnets utvikling.

73,8 % seier dei informerer skulen om barnets utvikling.

Dialog og medverknad:

83,3 % er svært eller noko fornøgd med kommunikasjonen mellom heim og skule

83,3 % er svært eller noko fornøgd med interessa lærarane viser for foreldra sine synspunkt

52,3 % er svært eller noko fornøgd med kor ofte dei får diskutera undervisningsmåtane med lærarane

40,5 % er noko fornøgd med kor stor innverknad dei har på læringstilboda til barnet sitt

88,1% er svært eller noko fornøgd med måten dei blir tekne imot på når dei har behov for kontakt med skulen

76,2 % er svært eller noko fornøgd med kor raskt dei kan få møte med kontaktlæraren

71,4 % er svært eller noko fornøgd med kor raskt dei kan få møte med leiinga på skulen

Kjennskap og forventning

85,7 % meiner at dei heilt eller delvis har kjennskap til sine rettar og plikter som foreldre
59,5 % er heilt eller delvis samde i at skulen har gjort dei kjende med kva tilpassa opplæring vil seia for deira barn
61,9% har kjennskap til korleis dei skal gå fram i klagesaker
42,3 % er usikre på kva forventningar skulen har tild ei når det gjeld samarbeid
76,2 % er ikkje redd for at det skal gå utover barnet om dei seier frå kva dei meiner om læraren og skulen

Støtte frå foreldre:

83,3 % seier dei hjelper barnet sitt med skulearbeidet fleire gonger i veka
50 % seier dei får rettleiing frå skulen om korleis best hjelpa barnet med skulegangen
90,5 % seier dei snakkar med barnet sitt fleire gonger i vek om korleis det trivst på skulen

Utviklingssamtale/konferansetime:

73,8% er informert om kva som kan takast opp i konferansetimane
73,8% er heilt eller delvis samde i at konferansetimane har preg av samtale
88,1% meiner heilt eller delvis at dei vert samde med kontaktlæraren om korleis barnet skal følgjast opp
83,3 % seier at lærarane følgjer opp dei avtalane som vert gjorde
90,5 % seier at dei sjølve følgjer opp dei avtalane som vert gjorde
42,9 % kan tenkja seg fleire eller lengre konferansetimar
45,2 % har problem med å møta til konferansetimar på dagtid

Fysisk miljø og materiell:

50 % er samde i at standarden på skulebygningen er god
52,4 % meiner at standarden på uteareala er god
66,7% er tilfreds med tilgangen på læremiddel/bøker
71,4 % er tilfreds med tilgangen eleven deira har til datautstyr på skulen

Trivsel, læring og utvikling:

61,9% meiner at barnet deira får tilrettelagd opplæring i alle fag
90,5 % seier at barnet deira har ei positiv utvikling på skulen
90,5 % seier at barnet deira viser interesse for skulearbeidet
88,1 % seier at barnet deira trivst saman med dei andre elevane i klassen
54,8 5 seier at dei føler skulen handterer mobbing av elevar på ein god måte

Læringstilhøva på skulen:

61,9% er heilt eller delvis samde i at det er ro og orden i klassen, men 16,7% meiner at det ikkje er det
85,7% meiner at læraren set krav til barnet deira
83,3 % meiner at lærarane stimulerer barnet til læring og arbeidsinnsats
78,6 % meiner at barnet deira får den hjelp det treng frå lærarane
78,6% seier at måten lærarane legg til rette for læring på, fungerer bra for deira barn
83,3 % seier at barnet deira likar lærarane på skulen

KONKLUSJON

Kommunestyret tek resultatet av foreldreundersøkinga til orientering.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	31.05.2012	050/12	Alf Strand

Arkiv: N-212	Arkivsaknr.: 12/377
--------------	---------------------

SAK 050/12 - UNGDOMSSKULEMELDING - ORIENTERINGSSAK

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Ungdomsskulemeldinga blir teke til orientering.

Finansiering

Heimel

Orienteringa blir lagt fram i møtet.

KS-050/12 VEDTAK:

Ungdomsskulemeldinga blir teke til orientering.

Det skjedde i Kommunestyret den 31.05.2012:

Rådgjevar Alf Strand delte heftet og orienterte om:

Motivasjon – mestring - muligheter. Stortingsmelding 22, 2010 – 11 om ungdomssteget.

Det vart stort engasjement i kommunestyret og det vart stilt spørsmål til Strand etter orienteringa.

Dokumentet frå rådgjevar vert lagt ved møteboka.

Orienteringa om ungdomsskulemeldinga vart samrøystes teken til vitring.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	31.05.2012	051/12	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 12/378
-----------	---------------------

SAK 051/12 - SKRIV OG MELDINGAR

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	12/2184	U	23.05.2012	Hordaland fylkeskommune	Ferjesambandet Masfjordnes - Duesundøy - varsling ved driftsstans

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

KS-051/12 VEDTAK:

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 31.05.2012:

Det vart delt ut hefte med tre tilleggsskriv:

- 2) Pristilbod på skifting av tak på skulemuseet på Sleire
- 3) Statens vegvesen – svar på skriv om busshaldeplassar langs fv 580
- 4) Einekavane As – svar på høyring NOU 2012:6: Arbeidsretta tiltak
- 5) Årsrapport frå Business Region Bergen

Gjennomgang av skriva:

Marit Steinestø, KrF, ba om at skriv 4 svar på Høyring NOU 2012:6 Arbeidsretta tiltak, kjem opp som sak i neste kommunestyremøte.

Skriv 3) Statens vegvesen, skriv om busshaldeplassar langs fv 580

John Torsvik, H, sa at i fylgje brevet er det berre eit sikkerhetspunkt som er utført og dei større tiltaka er ikkje sagt noko om.

Skriv 2) Pristilbud på skifting av tak på skulemuseet på Sleire.

Fleire i kommunestyret var oppteken av at det vart lagt eit tak som var estetisk riktig på eit slikt gamalt bygg. Det vart og spurt om det hadde vore innhenta pristilbud frå andre.

Tove Kristin S. Tistel, V, sa at dette er ei hastesak. Ber om å få sak på dette til handsaming.

Bjørn Egil Nordland, Ap spurde om dette rekna som ei bestilling dersom kommunestyret går inn på dette no?

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen sa at det må lagast ei løyvingssak på nytt tak til skulemuseet då det ikkje er dekning i budsjettet.

Willy Borge. Frp, oppmoda om at ein må få inn pristilbud frå andre entreprenørar.

Konklusjonen etter drøfting var at det blir laga ei sak på dette til junimøtet.

Skriv 5: Business region Bergen

Ordførar Karstein Totland orienterte.

Spørsmål:

John Torsvik stilte spørsmål om Masfjorden kommune har fått høyringsdokument på at Austrheim vidaregåande skule er føreslått lagt ned.

Ordførar Karstein Totland svara at me har ikkje fått det til uttale enno.

Lillian Andvik, KrF, spurde om kommunen har rutinar for å markera/gje folk ei utmerking når nokon/nokre i kommunen har gjort eit eller anna som er av verdi for kommunen. Andvik sa og det no er viktig å koma opp med gode idear til God morgon Norge der Masfjorden kommune har vunne avstemminga og vil koma på TV. Dette er ei god moglegheit for å marknadsføra kommunen vår.

Ordførar svara at me har ikkje spesielle rutinar, men det blir alltid gjort eit eller anna og gjort stas på nokon ved spesielle høve. Dette blir som regel teke på sparket når ein aktuell situasjon er der. Når det gjeld Lahti som har vore på toppen av Mount Everest som fyrste og einaste Masfjording vil det bli eit opplegg med velkomst og skulemusikk på Flesland når han kjem att.

Orienteringar v/rådmann:

- Uttale på RTP regional transportplan vart delt ut.
- Vegnemnda og avslutning av arbeidet til nemnda.
- Møteplan for hausten

Vegnemnda:

Willy Borge opplyste om han at han såg det slik at vegnemnda var ferdig med sitt arbeid.

Kommunestyret drøfta litt kring vegnemnda sitt arbeid.

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen konkluderte etter drøfting med at administrasjonen jobbar vidare med dei tinga som er kurant i saka og det som ikkje er kurant vert lagt fram for kommunestyret til handsaming.

Framlegg til møteplan for hausten:

Rådmannen opplyste om at ein vil prøva å få til 5 formannskapsmøte og 3 kommunestyre i 2. halvår. Ein vil starta med første formannskapsmøte i midten av september. Det blir sendt ut framlegg til møteplan med det første.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	31.05.2012	052/12	Terje Kallekleiv

Arkiv: N-563.2	Arkivsaknr.: 12/381
----------------	---------------------

SAK 052/12 - KJØP AV GRAVEMASKIN - EKSTRALØYVING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune løyver kr. 450 000,- eks. mva. til innkjøp av gravemaskin – som i hovudsak skal nyttast til vedlikehald og oppgradering av kommunale veganlegg.

Finansiering

Bruk av disp.fond drift - TML. balansepost 2.5600.100

Heimel

Kommunelova og økonomireglement.

KS-052/12 VEDTAK:

Masfjorden kommune løyver kr. 450 000,- eks. mva. til innkjøp av gravemaskin – som i hovudsak skal nyttast til vedlikehald og oppgradering av kommunale veganlegg.

Det skjedde i Kommunestyret den 31.05.2012:

Sakspapira vart delt ut i møtet.

Saka vart drøfta.

Kommunestyret var positive til at det vart kjøpt inn gravemaskin og at kommunen kunne bli meir sjølvhjelpen på denne type arbeid.

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Tilstanden på kommunale vegar i Masfjorden er i dag generelt dårleg. Nokre anlegg er alvorleg nedslitne og utgjer også trafikkfare. Hovudgrunnen til dette er erosjon av veganlegg som følgje av mangelfull rensk av grøfter og stikkrenner. For å få dette ordna må det brukast gravemaskin.

I budsjettprosessen for 2012 vart m.a. gravemaskin foreslått som ei nødvendig investering for å få eit vedlikehald av veganlegga som er kostnadseffektivt for kommunen – og som også kan gjera vedlikehaldet berekraftig over noko tid.

FAKTA

Det viktigaste utstyret som skal til for å få eit kostnadseffektivt vedlikehald er i følgje teknisk avdeling (TML) ein ”pent brukt” hjulgravar av ein viss storleik. Pr. dato har kommunen tilbod på ei slik maskin til kr. 450 000,- eks. mva. Administrasjonen reknar uansett med at for denne summen vil kommunen få ei tenleg maskin.

I tillegg bør gravemaskina ha tilhengar for flytting av jord/stein og grus/sand og ein kantklyppar. På grunn av at administrasjonen no reiser ei ekstraordinær budsjettsak vil rådmannen avvente evt. tilleggsutstyr til ordinær budsjettbehandling – og no prioritere det som er det viktigaste.

VURDERING

Drift og vedlikehald av kommunale vegar er i dag svært lite kostnadseffektivt. Dette har fleire årsaker:

- Tilgjengeleg arbeidskapasitet vert no nytta urasjonelt fordi oppgåvene er avgrensa:
 - Arbeidsintensivt manuelt kroppsarbeid som er svært lite kostnadseffektivt når me har godt kvalifisert arbeidskraft.
 - Bestillarfunksjon / administrering / kontroll av eksterne entreprenørar som er unødig arbeidskrevjande for kommunen. Ressursar vert brukt på administrering i staden for vegarbeid.
- Planlegging og prioritering av vedlikehaldet - samanhengande over fleire år – vert vanskeleg fordi behova er store og kommunen får altfor lite gjort for pengane når ein må bruke eksterne entreprenørar. Vanskeleg planlegging fører også isolert til meirkostnader til vedlikehaldet fordi uføresette og irrasjonelle forhold ofte oppstår.
- Beredskap vert tungvint når kommunen må bruke eksterne entreprenørar – som må ofte avbryte anna arbeid, flytte maskiner etc. Dette er dyrt, omstendeleg og tek tid.
- Kan kommunen bruke egne ressursar til å få opprusta sine veganlegg til å bli meir robust og oppdatert så vil også veganlegga avgjort bli mindre utsett for slitasje og erosjon – noko som isolert er kostnadseffektivt.

KONKLUSJON

Administrasjonen si generelle vurdering er at kommunen i større grad **sjølv** bør løyse sine **kostnadsintensive oppgaver** – og som ofte i dag vert løyst av eksterne aktørar til ein unødig høg kostnad.

På vedlikehaldssida er flikking med dårleg og primitivt utstyr og mykje kroppsarbeid svært arbeidsintensivt og lite kostnadseffektivt.

Investering i ein hjulgravar vil betale seg sjølv mange gangar i den levetid ein kan forvente av slikt utstyr.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	31.05.2012	053/12	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-022.3	Arkivsaknr.: 11/615
----------------	---------------------

SAK 053/12 - GMU AS - VAL AV STYREMEDLEM MED VARA FRÅ MASFJORDEN KOMMUNE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Styremedlem til GMU AS vert:

Varamedlem:

Finansiering

Heimel

KS-053/12 VEDTAK:

Styremedlem til GMU AS vert: **Ordførar Karstein Totland**

Varamedlem: **Varaordførar Marit Steinestø**

Det skjedde i Kommunestyret den 31.05.2012:

Sakspapira vart delt ut i møtet.

Saka vart drøfta.

John Torsvik, H, gjorde framlegg om at ordførar Karstein Totland vert styremedlem og varaordførar Marit Steinestø som varamedlem.

Røysting:

Framlegget frå Høgre vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
2	U	20.12.2011	Ordførar Karstein Totland	Melding om politisk vedtak - GMU AS - val av representant til generalforsamlinga 2011 - 2015
4	I	31.05.2012	GMU as	Vedtekter GMU AS

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Ordførar Karstein Totland vart i kommunestyret den 10.11.2011 valt inn som Masfjorden kommune sin representant til generalforsamlinga i GMU AS 2011 – 2015. Varaordførar Marit Steinestø vart valt inn som vararepresentant.

På generalforsamlinga til GMU den 6. juni 2011 vart dåverande ordførar Håkon Matre attvald til styret frå Masfjorden kommune.

Kommunestyret må no velja nytt medlem frå Masfjorden med vara til styret i GMU AS.

Noverande styre i GMU AS er:

Styreleiar:	Irene Kjelby Wergeland	(næringsliv)
Nestleiar:	Trude Brosvik	(Gulen kommune)
Styremedlem:	Håkon Matre	(Masfjorden kommune)
Styremedlem:	Bjørn Falck Russenes	(Sogn og Fjordane fylkeskommune)
Styremedlem:	Roald Moi	(SIVA)
Styremedlem:	Frode Langhelle	(Masfjorden næringsforum)
Styremedlem:	Steinar Østerbø	(Gulen Næringsråd)
Styremedlem:	Marit Austgulen Wick	(næringsliv)

FAKTA

Utdrag frå § 5 i vedtektene om val av styre i GMU AS:

Selskapet har eit styre med frå 3 – 9 personar som vert valde av generalforsamlinga for eit år om gongen. I tillegg kan det veljast frå 1 til 3 varamedlemmer. Minst 50 % av styremedlemmene skal veljast frå næringslivet i Gulen og Masfjorden kommunar. Generalforsamlinga vel styreleiar og nestleiar. Styret vert forplikta av styrets leiar og nestleiar i fellesskap. Styret kan meddela prokura. Styret tilset dagleg leiar.

Rett utskrift av møteprotokoll frå kommunestyret den 31. mai 2012 vert vitna:

Karstein Totland
Ordførar

Marit Steinestø
kommunestyremedlem

Vigdis Søvik
kommunestyremedlem